

2/77 09 504/77 1/97 111897

## Landssvikoppgjeret – eit «sosialt jordskjelv»

### Baard Borge

*Det norske oppgjeret med landsmenn som hadde stått på den galne sida under okkupasjonen, har kasta lange skuggar inn i etterkrigstida.*

*Baard Borge (f. 1963) underviser i statsvitskap ved Høgskulen i Harstad. Han skreiv om nynazisme i Syn og Segn nr 2, 1996.*

Like etter 50-årsmarkeringa av frigjeringa i mai 1945 sto lesarinnlegget «Frigjörungstid – også for NS-barn» på trykk i Dagbladet. Kvinna som hadde skrive til avisa, hørte til ei stor, men sjeldan omtalt gruppe nordmenn: Ho var ei av kanskje 100 000 nolevande etterkomarar etter medlemmer av Vidkun Quislings parti *Nasjonal Samling* (NS), partiet som blei samarbeidspartnaren til tyskarane i okkupasjonsåra. I avisinnlegget sitt skriv ho at NS-borna så å seie aldri snakkar ope ut om foreldra sine handlingar i okkupasjonsåra, sjølv ikkje med nære vener. Enno i dag, eit halvt hundreår etter krigen, er dei redde for å bli fordømde og utstøytte.

Etter mi meining er lesarbrevet eit av mange teikn som kan tyde på at det norske samfunnet enno ikkje er ferdig med etterdønningane frå okkupasjonsåra, og frå oppgjeret med dei landsmennene som hadde stått på den galne sida. I Noreg har dei som blir kalla *landssvikarane*<sup>1</sup> vore eit svært kjensleladd tema, kanskje endå meir enn i andre land som var under tysk okkupasjon. Kvifor? Svensken Jan Troell, som nyleg laga film om den norske diktarhovdingen og Hitler-beundraren Knut Hamsun, har i eit avisintervju vore inne på ei mogleg forklaring. Troell seier at nordmenn har ei sterk nasjonal-kjensle, og difor kan me ikkje tilgje anten Hamsun eller andre som blei dømde for landssvik. Troells teori har etter mi meining ein kerne av sanning i seg, og i denne artikkelen skal eg freiste å grunngje kvifor.

### Rettsoppgjeret

På invasjonssdagen 9. april 1940 kunne ein utpå kvelden høyre NS-føraren Vidkun Quisling tale i NRK radio. I talen utnemnde han seg sjølv til ny statssjef, i spissen for ei NS-regjering. Quisling måtte rett nok trekkje seg attende allereie etter ei veke, då tyskarane etablerte sitt *Reichskommissariat*, som fekk i oppgåve av Hitler å halde oppsyn med forvaltninga av Noreg. I løpet av denne eine veka hadde Quisling sitt namn likevel nådd å bli eit internasjonalt synonym for landsforrædar.

I september utnemnde Reichskommissar Terboven ei ny, norsk regjering av kommissariske statsråder. Fleirtalet av ministrane var NS-folk. Quisling sjølv sat ikkje i denne regjeringa, men som NS-førar kontrollerte han statsrådene som var partimedlemmer. I februar 1942 lét så tyskarane Quisling få danne si andre, reine NS-regjering, ei regjering som fungerte heilt fram til frigjeringa.

Lenge før Noreg blei frigjort, arbeide Johan Nygaardsvold si eksilregjering, som hadde søkt tilflukt i London, med å førebu eit oppgjer med Quisling og tilhengjarane hans, *quislingane*. Førebuingane til oppgjeret gjorde regjeringa i nært samarbeid med folk frå motstandsørsla i det okkuperte Noreg, *Heimefronten*. Rettsgrunnlaget for oppgjeret var framfor alt paragraf 86 i straffelova, som seier at den som hjelper fienden i krig, er landsforrædar. I tillegg til straffelova kom det mellombels lovføre-

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

segner, «de p... var meir sjipass... Noreg, blant an teikne eller hal... Særleg viktig b... desember 1944... fronten sitt ver... at det var dei al... skulle gjennom... ein altså ikkje s... av oppgjeret m... andre land gjor...

Resultatet av fo... mest omfattand... i noko anna lan... ninga trekt inn i... som hadde vore... berre Belgia so... føre eit like omi... Noreg. I Noreg... gjarar dømde til... for Frankrike er... 374 pr 100 000.

Rundt 93 000 no... for å ha gjort seg... talet i forhold til... talde berre 3 mi... lettare kor store... Omfanget land... avgjerda om at... beidsmann eller... rekneskap: Alle... retten. Når det v... saman, kom det... blei beslaglagt v... straffe alle NS-n... skulle gå seks år... med oppgjeret.

Omkring 49 000... resten blei frikjer... dei vart innstilt. I... aller fleste NS-m... dommane blei fu... avretta ved skyti... av ministrane ha... Likevel kan me s... nane under retts... passive NS-medl...

IV»

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

segner, «de provisoriske anordninger». Disse var meir tilpassa den faktiske stoda heime i Noreg, blant anna gjorde dei det til eit lovbrøt å teikne eller halde fast ved medlemskap i NS. Særleg viktig blei *landssvikanordningen* frå desember 1944, som stort sett var Heimefronten sitt verk. Ei seinare lovføresegn slo fast at det var dei alminnelege domstolane som skulle gjennomføre oppgjeret. I Noreg oppretta ein altså ikkje særdomstolar som skulle ta seg av oppgjeret med kollaboratørane, slik mange andre land gjorde.

Resultatet av førebuingane i London blei det mest omfattande oppgjeret i heile Europa. Ikkje i noko anna land blei ein så stor del av befolkninga trekt inn i oppgjeret. Av dei andre landa som hadde vore okkuperte av Tyskland, var det berre Belgia som var i nærleiken av å gjennomføre eit like omfattande rettsleg oppgjer som Noreg. I Noreg blei 633 pr 100 000 innbyggjarar dømde til fengselsstraff. Tilsvarande tal for Frankrike er 94, medan Danmark fengsla 374 pr 100 000, Nederland 419 og Belgia 596.

Rundt 93 000 norske borgarar blei mistenkte for å ha gjort seg skuldige i landssvik. Ser ein talet i forhold til at befolkninga på denne tida talde berre 3 millionar menneske, skjønar ein lettare kor store dimensjonar oppgjeret hadde. Omfanget landssvikoppgjeret fekk, kom av avgjerda om at kvar einaste politiske samarbeidsmann eller -kvinne skulle trekkjast til rekneskap: Alle medlemmene av NS skulle for retten. Når det var mogleg å finne fram til alle saman, kom det av at medlemsarkivet til partiet blei beslaglagt ved frigjeringa. Avgjerda om å straffe alle NS-medlemmene førde òg til at det skulle gå seks år før domstolane var ferdige med oppgjeret.

Omkring 49 000 av dei mistenkte blei dømde, resten blei frikjende, eller straffeforfølgninga mot dei vart innstilt. Blant dei dømde finn me dei aller fleste NS-medlemmene. Tjuefem av dødsdommane blei fullbyrda. Quisling sjølv blei avretta ved skyting, og same lagnaden fekk to av ministrane hans, Hagelin og Skancke. Likevel kan me seie at dei fleste straffereaksjonane under rettsoppgjeret var milde: Dei 26 000 passive NS-medlemmene til dømes, som ikkje

hadde anna på rulleblada sine enn sjølve parti-medlemskapen, blei straffa med bøter. Passive NS-medlemmer fekk oftast saka si avgjort ved førelegg, ikkje gjennom ei rettssak. Til saman 17 000 av alle dei mistenkte fekk fengselsstraffer under rettsoppgjeret. Den siste livstidsfangen, NS-ministeren Axel Stang, blei sett fri i 1957. Men det norske samfunnet var enno ikkje ferdig med landssvikarane: Oppgjeret kasta lange skuggar inn i etterkrigstida, og nokre av skuggane strekkjer seg heilt inn i vår tid.



93 000 norske borgarar var mistenkte for å ha støtta syn som dette. (NTB)

#### Etterverknadene

Når me i dag skal gjere opp status for etterverknadene av rettsoppgjeret, kan det først vere rimeleg å skilje mellom politiske og sosiale verknader, og òg deretter mellom kortvarige og meir langvarige effektar. Etter mitt syn var dei politiske verknadene truleg nokså temporære, medan dei sosiale verknadene derimot har vist seg å vere seiglivå.

Ser me etter moglege politiske effektar, kan me i første omgang slå fast at partisystemet blei endra av oppgjeret. Tre små, høgreradikale parti, som i vala før krigen hadde vore med og tevla om veljarane, var no forsvunne. Alle desse partia forsvann i samband med oppgjeret. Dette gjeld sjølvst NS, som no var blitt eit kriminalisert og forbode parti, men det gjeld òg *Samfunnspartiet*, som hausten 1945 hadde ein formann som var under granskning for landssvik.<sup>2</sup> Heller ikkje *Fedrelandslaget* tok del i val etter krigen: Partiet hadde sommaren 1940 sett seg i eit dårleg lys, fordi det gjennom intrigar freista å skaffe seg politisk makt i det okkuperte Noreg. Partistrukturen blei altså påverka av oppgjeret, men ikkje ved at nye parti kom til. I Noreg fekk me ikkje noko eige parti som skulle fremje rehabiliteringa av dei dømde, slik ein til dømes fekk i Belgia.<sup>3</sup>

Vi kan også sjå resultatane frå stortingsvalet hausten 1945 i samband med oppgjeret. Dei borgarlege partia lei nederlag ved dette valet. Veljarane tok eit skritt til venstre, noko som skjedde i mange europeiske land i kjølvatnet av verdskrigen. Suksessen til den norske venstresida, og særskilt framgangen for kommunistane, kan kanskje også forklarast ut frå den harde og uforsonlege haldninga desse partia hadde til landssvikarane. Slike haldningar fann nok gjenklang hjå fleirtalet i befolkninga rett etter frigjeringa, og kan difor ha gjeve ein veljargevinst. Noko forenkla kan vi seie at det var venstresida i politikken som gjekk inn for eit strengt og mest mogleg omfattande oppgjer, medan dei borgarlege hadde ei nok meir forsonleg haldning til tidlegare samarbeidsfolk. I ordskiftet blei dei to synspunkta kalla for *Isfronten* og *Silkefronten*.

Av dei borgarlege partia var det *Bondepartiet* som gjekk mest tilbake ved valet, relativt sett. Partiet si gruppe i Stortinget blei nær på halvert, frå atten til ti. Mange veljarar hugsa nok at fleire av førkrigsleiarane i partiet hadde gått over til NS under okkupasjonen. Eit døme er partiformannen, tidlegare statsminister Jens Hunseid, som gjekk inn i NS hausten 1940, mellom anna for å få behalde stillinga si som fylkesmann i Buskerud. Eit anna døme er Olga Bjoner, tidlegare leiar i kvinnenemnda i Norges

Bondelag, som frå hausten 1940 var leiar for NS Kvinneorganisasjon. Stortingsmann Erling Bjørnson, yngste son til dikteren Bjørnstjerne Bjørnson, gjekk også ut av Bondepartiet under okkupasjonen, og blei ein aktiv NS-medlem.

Turbulensen i dette første valet etter frigjeringa kom av at stemninga var påverka av krigen, og av oppgjeret som var i gang. Det rådde slik sett ein politisk unntakstilstand i 1945. Fire år seinare, i det neste stortingsvalet, var røynslene frå krigen og okkupasjonen komne meir på avstand, slik at den politiske stoda hadde nådd å normalisere seg att.

Ein annan politisk effekt av oppgjeret kan me få auge på om me ser det som eit ledd i normaliseringa av det norske, politiske systemet. Demokratiet skulle gjeninnførast, etter fem år med autoritært styre. Det har vore hevda at rettsoppgjeret gav den nye sosialdemokratiske leiinga den legitimiteten ho trong for å kunne bygge opp det demokratiske systemet på nytt igjen. Gjennom oppgjeret fekk den nye regjeringa til Einar Gerhardsen vist sin styrke og handlekraft. Men samstundes fekk ho også plassert skylda der ho «høyrd heime», og ho fekk skjerma dei gamle elitane. Særleg i byrjinga av okkupasjonen hadde mang ein politiskar, byråkrat, næringslivs- eller organisasjonsleiar vist stor vilje til å samarbeide med okkupanten. Eit kjent døme er riksrådsforhandlingane i juni 1940, då presidentskapet i Stortinget etter tysk press gjekk med på å fremje forslag om at Stortinget skulle avsette Kongen og regjeringa.

På bakgrunn mellom anna av dei illgjetne riksrådsforhandlingane oppnemnde regjeringa Gerhardsen i august 1945 ein særskild granskingskommisjon, som fekk til oppgåve å undersøke handlingane til både sivile og militære myndigheiter i tida frå april til september 1940. Men innstillinga frå kommisjonen blei ikkje drøfta av Stortinget før i 1948. Det ordinære landssvikoppgjeret hadde då gått føre seg i tre år, og befolkninga hadde trøytna på oppgjer. Stortinget vedtok såleis, etter eit springande og dårleg førebudd ordskifte, at det ikkje skulle reistas tiltale mot nokon representant for dei statlege myndigheitene som blei

kritiserte i rapporten.

I fleire andre land frå starten av før ein annan politisk dette omgrepet si ifrå nasjonalsosialist, ein skulle o Noreg var slike t. I sigerherrane sin nemleg ikkje noi menneske med a oppgjer med me svikefull organis NS var oppløyst med nazismen se

Ei oppsummering effektane av opp når demokratiet rane hadde funne jalitetane sine. S følgjene av oppg anna. Rettsoppgj sosialt jordskjelv grunn. Heile fem befolkninga blei som tiltalte eller fleire indirekte p gjennom slektsk ikkje usannsynl norske familiar sentantar blant sjølv at oppgjere nasjonen.

#### Stigmatiseringa

Skakingane etter å ha vore sterke fleste straffene u Dei dømde fekk domstolane ikkje og sosialt brenne dene har synt seg andre i etterkrig matiserte som d krigen. Truleg h dei dømde vore

var leiar for  
 smann Erling  
 Bjørnstjerne  
 departiet under  
 NS-medlem.

etter frigjeringa  
 a av krigen, og  
 t rådde slik sett  
 45. Fire år  
 t, var røyenslene  
 meir på  
 da hadde nådd

oppgjeret kan me  
 eit ledd i norma-  
 e systemet.

st, er fem år  
 ore hevda at  
 aldemokratiske  
 ng for å kunne  
 systemet på nytt  
 den nye regje-  
 sin styrke og  
 lekk ho også  
 «heime», og ho  
 . Særleg i  
 de mang ein poli-  
 ler organisa-  
 marbeide med  
 r riksrådsfor-  
 esidentskapet i  
 k med på å  
 t s' 'e avsette

dei illgjetne riks-  
 de regjeringa  
 sa ild grans-  
 i oppgåve å  
 le sivile og mili-  
 pril til september  
 mmisjonen blei  
 i 1948. Det ordi-  
 de då gått føre seg  
 trøytna på  
 leis, etter eit  
 ld ordskifte, at det  
 ot nokon represen-  
 teitene som blei

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

kritiserte i rapporten frå granskingskommi-  
 sjonen.

I fleire andre land, særleg i Tyskland, blei det  
 frå starten av føresett at oppgjeret òg skulle ha  
 ein annan politisk effekt: avnazifisering. Med  
 dette omgrepet sikta ein til at all innverknad  
 ifrå nasjonalsosialistisk-ideologi skulle utryd-  
 dast, ein skulle oppdra befolkninga på nytt. I  
 Noreg var slike tankar lite framme i ordskiftet.  
 I sigerherrane sine auge var rettsoppgjeret  
 nemleg ikkje nokon politisk prosess mot  
 menneske med andre synspunkt, men eit  
 oppgjer med medlemmer av ein kriminell og  
 svikefull organisasjon. Straks organisasjonen  
 NS var oppløyst, rekna ein seg i Noreg ferdig  
 med nazismen som problem.

Ei oppsummering kan vere at dei politiske  
 effektane av oppgjeret glei over nokså raskt,  
 når demokratiet var etablert på nytt, og velja-  
 rane hadde funne attende til dei gamle partilo-  
 jalitetane sine. Ser vi derimot på dei sosiale  
 følgjene av oppgjeret, blir biletet truleg eit  
 anna. Rettsoppgjeret i Noreg er blitt kalla eit  
 sosialt jordskjelv, og etter mi meining med god  
 grunn. Heile femten prosent av den vaksne  
 befolkninga blei trekte inn i prosessane, anten  
 som tiltalte eller som vitne. Sjølv sagt blei endå  
 fleire indirekte påverka av rettsoppgjeret,  
 gjennom slektskap med dei tiltalte. Det er  
 ikkje usannsynleg at ein femtedel av alle dei  
 norske familiane hadde ein eller fleire repre-  
 sentantar blant dei mistenkte, og det seier seg  
 sjølv at oppgjeret skaka det sosiale livet i  
 nasjonen.

### Stigmatiseringa

Skakingane etter det sosiale jordskjelvet synest  
 å ha vore sterke og langvarige, trass i at dei  
 fleste straffene under rettsoppgjeret var milde.  
 Dei dømde fekk nemleg ei tilleggsstraff som  
 domstolane ikkje rådde med: Dei vart utstøytte  
 og sosialt brennemerkte. Desse attåtverknade-  
 ne har synt seg å vere seigliva. Knappt nokon  
 andre i etterkrigssamfunnet har vore så stig-  
 matiserte som dei som var med i NS under  
 krigen. Truleg har den sosiale utstøytinga av  
 dei dømde vore verre enn til dømes hand-


saminga kommunistane blei utsette for på  
 1950-talet, i den norske McCarthy-tida.

Den sosiale brennemerkinga har i røynda  
 kanskje vore den hardaste straffa mot NS-  
 folka: Dei blei stempla som landssvikarar utan  
 nasjonal haldning, menneske som i ein gjeven  
 situasjon var parate til å forråde landet sitt. Eit  
 viktig tilskot til stemplinga var den storstilte  
 interneringa av oppunder 30 000 mistenkte  
 landssvikarar i mai 1945. Flesteparten av dei  
 internerte var vanlege NS-medlemmer. Også  
 måten avisene dekte rettssakene på, forsterka  
 nok den sosiale brennemerkinga. Hjå pressa  
 fanst det få eller ingen atterhald medan  
 oppgjeret gjekk føre seg. Namna til dei tiltalte  
 sto der svart på kvitt, med utførlege referat.  
 Referata var dessutan gjerne sterkt farga, og  
 det kom sjeldan noko positivt på trykk om dei  
 tiltalte.

I dei andre europeiske landa sine oppgjer  
 opererte ein i regelen med eit skilje mellom  
 nazistar og medløparar. Dei sistnemnde blei  
 som oftast ikkje straffa, fordi dei ikkje blei  
 rekna som særleg farlege. I landa der store  
 befolkningsgrupper hadde stått på feil side, slik  
 som i Austerrike, hadde denne lina sjølv sagt  
 praktiske årsaker. Ei straffeforfølgning av alle  
 nazistar og samarbeidsfolk ville rett og slett ha  
 fått for store konsekvensar. Men også i land  
 med mindre nazirørsler valde ein som oftast å  
 ikkje kriminalisere vanlege, uviktige partimed-  
 lemmer. I Nederland, til dømes, avgjorde  
 regjeringa hausten 1945 at ein ikkje trong  
 trekkje alle dei små kollaboratørane, det vil  
 seie vanlege medlemmer av nazipartiet, for  
 retten. Heller ikkje danskane straffa vanlege  
 medlemmer av «føraren» Fritz Clausens parti.

I Noreg, derimot, fanst ikkje omgrepet  
 medløpar i det heile. Alle medlemmene av NS  
 var i prinsippet å rekne som nazistar og lands-  
 svikarar, og dei skulle straffast deretter, uten  
 omsyn til kor mykje dei hadde hatt å seie  
 innafor NS-regimet. Dermed kom dei sosiale  
 effektane av oppgjeret i Noreg også til å  
 ramme menneske ein i andre land nok ville sett  
 på som harmlause medløparar.

Når nordmenn flest skar alle NS-medlemmene over ein kam, hang det i nokon grad saman med sjølve omgrepet landssvikar. Ifølgje jusprofessoren Johs. Andenæs, som sjølv sto sentralt på tiltalarsida under rettsoppgeret, blei omgrepet introdusert av Heimefronten gjennom *landssvikanordningen* frå desember 1944. I si bok om rettsoppgeret, som kom ut i 1979, nemner Andenæs ei viktig årsak bak dei sosiale effektane oppgeret fekk, nemleg den suggestive makta som låg i ordet landssvikar. Med eitt slag blei alle NS-folk plasserte i same båsen, utan omsyn til mangfaldet i motiva deira for å vere med i NS, og utan omsyn til dei faktiske handlingane deira. Idealistiske tenåringsgutar som melde seg frivillig til kampane på Austfronten, torturistar, angivarar og eldre ektepar som var villeidde av dei nazifiserte avisene – alle var dei av same ulla.



*Born av slike kontaktar har lidd mykje vondt under oppveksten i Noreg. (NTB)*

Vi veit i dag at utstøytinga ikkje berre ramma dei dømde sjølv, men ofte familiane deira, og borna med. NS-born er det namnet vår tid har sett på ei gruppe menneske som har gjennomgått mykje vondt i barndoms- og ungdomstida si. I boka *Fødd skuldig* frå 1988 skriv Asgeir Olden om lagnaden til NS-borna. Han meiner det er lett å dokumentere at dei har hatt det vanskeleg. Psykiatrisk behandling, institusjonsopphald og pilleglas har vore ein del av kvardagen for mange av NS-borna, kanskje for fleirtalet av dei, seier han.

Olden undrar seg over at born av NS-leiarar og vanlege medlemmer ser ut til å ha mykje dei same røynslene. Forklaringa på dette er kanskje

at ein i Noreg som nemnt ikkje skilde mellom overtydde nazistar og medløparar, men såg alle som landssvikarar. Kanskje finn vi her ein skilnad mellom Noreg og til dømes Tyskland. I Tyskland har det nok hefta eit stigma ved toppleiarane frå nazitida, og ved dei verste valdsmennene, men neppe i særleg grad ved vanlege medløparar. Dette heng saman med at dei var så mange, tyskarar flest var vel nøgde med tilveret under «der Führer». Det tyske samfunnet i etterkrigstida kan ein sjå som eit 'kollektiv av skuldige', skriv statsvitaren Peter Steinbach. Når skulda er kollektiv blir ikkje den einskilde skuldige isolert og stigmatisert, slik han blir når skulda er individuell.

Ein del av stemplinga av dei som var med i NS, er at dei ofte blir karakteriserte som menneske med alle slag negative eigenskapar. Dei blir rekna for vonde, dumme, svikefulle og grådige. I *Morgenbladet* kunne ein etter krigen til dømes lese at det hovudsakleg hadde vore strevarar, opportunistar og mislykka individ som samla seg under korsbanneret til NS. Karakteristisk for denne stigmatiseringa er den gjengse oppfatninga om at den norske Gestapo-agenten<sup>4</sup> Henry Rinnan var ein typisk representant for dei dømde NS-folka. Angivaren Rinnan blei som kjent funnen skuldig i tretten drap. Etter ei oppsiktsvekkjande rettssak blei han dømd til døden og skoten. Nest etter Quisling sjølv er nok Rinnan i ettertid den mest kjende av dei som blei dømde under rettsoppgeret. Brotsverka som blei avslørte under Rinnan-saka, forsterka samstundes hatet mot alle som hadde vore med i NS, naturleg nok. Problemet er at Rinnan si sak ikkje er representativ for det store fleirtalet av NS-medlemmene: Berre ein liten del av partimedlemmene blei, som han, dømde for å ha teke del i tortur, drap og andre valdshandlingar.

Henry Rinnan var dessutan ikkje styrd av politiske motiv, då han i juli 1940 let seg verve som agent i det tyske Gestapo. Han hadde aldri i sitt liv vist noka interesse for politikk, og las teikneseriar framfor bøker. Rinnan blei medlem av NS i september 1940, men var aldri aktiv i partisamanheng og hadde ikkje noko verv. Når tilfellet Rinnan stadig blir drege fram i medium som sjølv personifiseringa av NS,<sup>5</sup> medverkar

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

det til å halde v  
om alle som v

Minnet om NS  
difor er nok de  
dag ein realitet  
innleiinga til d  
mang ei bygd  
peike på garda  
folk: Der... og  
Larsen har gj  
om NS i folks  
gong i 1981. H  
på at minnet o  
gjennom etter  
av dei spurde i  
tidlegare NS-i  
tiande av dei s  
fleire NS-folk

Trettiseks år e  
prosent av den  
identifisere NS  
Tala frå under  
tiske med resu  
i 1970. Så lang  
liknandé data  
kunne gjere d  
med forholda  
urimeleg å ter  
dene av oppgi  
Noreg enn ma

### Eit paradoks

Om den sosial  
verkeleg har v  
dømes i Tyskl  
som eit parad  
store og heile  
av andre verds  
tilhøva elles v  
andre land. I  
det tyske åtake  
landet vårt om  
rane som direl  
nen mista til s  
befolkning. Ju  
prosent. Også  
råde, blei dei  
råka av krigsh

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

det til å halde ved like populær oppfatningane om alle som var NS-medlemmer.

Minnet om NS lever vidare i mange nordmenn, difor er nok den sosiale brennemerkinga enno i dag ein realitet, slik også lesarinnlegget i innleiinga til denne artikkelen kan tyde på. I mang ei bygd kunne folk lenge etter krigen peike på gardane der familiane hadde vore NS-folk: *Der... og ...der*. Statsvitaren Stein U. Larsen har gjennomført to spørjeundersøkingar om NS i folks minne, den første i 1970, andre gong i 1981. Begge undersøkingane hans tydde på at minnet om NS har vore sterkt og stabilt gjennom etterkrigstida. I 1981 var tretti prosent av dei spurde i stand til å namngje minst ein tidlegare NS-medlem på heimstasjonen sin. Kvar tiande av dei spurde kunne peike ut fire eller fleire NS-folk.

Trettiseks år etter frigjeringskrigen kunne altså førti prosent av den norske befolkninga framleis identifisere NS-medlemmer i lokalsamfunnet! Tala frå undersøkinga i 1981 var nær på identiske med resultatane frå den første undersøkinga i 1970. Så langt eg kjenner til, finst det ikkje liknande data frå andre europeiske land, som kunne gjere det mogleg for oss å samanlikne med forholda i Noreg. Det synest likevel ikkje urimeleg å tenkje seg at dei sosiale etterverkningane av oppgjeret har vore meir seigliva i Noreg enn mange andre stader.

### Eit paradoks?

Om den sosiale brennemerkinga av nazistane verkeleg har vore meir utprega i Noreg enn til dømes i Tyskland, kan det på eitt vis synast som eit paradoks. Grunnen er at Noreg i det store og heile jo blei spart for dei verste utslagane av andre verdskrigen. Valdshandlingane og tilhøva elles var jamt over meir alvorlege i andre land. I løpet av heile femårsperioden ifrå det tyske åttatet og fram til frigjeringskrigen mista landet vårt omkring tre promille av innbyggjarane som direkte følgje av krigen. Sovjetunionen mista til samanlikning seks prosent av si befolkning; Jugoslavia 7, og Polen heile sytten prosent. Også i Vest-Europa, vårt eige nærrområde, blei dei fleste tyskoppkjerte landa verre råka av krigshandlingar enn Noreg. Johs.

Andenæs seier dessutan at dei tyske okkupasjonssoldatane i Noreg stort sett oppførte seg eksemplarisk, og at overgrep mot befolkninga var sjeldsynte.

Noko av årsaka til stigmatiseringa av NS er nok at Noreg fekk eit kollaboratørregime, som freista å tvinge på befolkninga ei uønskt *nyordning* av samfunnslivet. Her ligg ein skilnad mellom Noreg og dei fleste andre tyskoppkjerte landa, der heimlege fascistar ikkje fekk kome inn i styre og stell, men blei gåande utan reell politisk makt. Når NS-føraren Quisling for nordmenn flest blei den personifiserte Svikaren, har det også vore med på å stigmatasere alle partimedlemmene. Men Quislings NS-styre var trass alt ikkje eit ytterleggåande nazi-regime som lét seg jamføre med Hitler-Tyskland. Ideologisk sett var NS sprunge ut av særeigne norske politiske tradisjonar, sjølv om partiet også var påverka av fascismen ute i Europa.

I okkupasjonsåra såg mange NS-folk seg sjølve som bufferar mellom sine eigne landsmenn og okkupantane. Vi veit at mange av dei freista å ta vare på norske interesser, så godt det let seg gjere. Her kan eg vise til mine eigne røynsler, etter å ha studert dokument frå to hundre rettsaker mot dei øvste leiarane i NS-styret. I forbausande mange av sakene konkluderer retten med at tiltalte ikkje har vore vondsinna eller aggressiv, og vidare med at han har opptrådd sakleg i stillinga si. Ein annan attest retten ofte gjev tiltalte, er at han har freista å stå imot press ifrå tyskarane og meir radikale norske NS-folk.

Ein kan etter mi meining ikkje sjå NS under okkupasjonen berre som ein reiskap for tyskarane, og heller ikkje som eit einsarta parti. Historikaren Øystein Sørensen har hevda at fleirtalet av NS-folka var nasjonale,<sup>6</sup> medan mindretalet var tyskvenlege i eitt og alt, til dømes dei norske SS-mennene. Ein kan kanskje seie at blind fanatisme var regelen i Det tredje riket, men unnataket i Noreg, sjølv om også NS hadde sine radikale element. På NS-folk blei som nemnt dømde for valdshandlingar, men det skal ikkje forteiast at regimet nytta seg av vald og tortur. Slikt skjedde ikkje

minst hjå det NS-dominerte *Statspolitiet*, som jobba tett saman med tyskarane sitt Gestapo.

Ei samanfotning kan vere at det tilsynelatande er ein kontrast mellom stigmatiseringa av NS, og Noreg sine faktiske røymsler ifrå krigen og okkupasjonen. Dette kan òg illustrere eit meir generelt poeng, nemleg at måten ulike land handsama fascistar og samarbeidsfolk på etter krigen, ikkje berre kan forståast ut ifrå handlingane desse menneska blei skulda for. Forma på einskilde nasjonale oppgjer, og effektane oppgjera fekk, heng truleg òg saman med andre forhold. Eit døme på slike forhold kan vere kor stor del av ei befolkning som var involvert på den galne sida. Kanskje var det slik at dess større del gjerningsmennene utgjorde av befolkninga, dess mindre sterk blei den sosiale utstøyinga?

Følgjande spørsmål reiser seg: Kvifor har stigmatiseringa vore så sterk, og kvifor held minnet om dei dømde seg så godt, nettopp i Noreg? Ein av grunnane til det stabile minnet er nok dei gjennomsiktede forholda på lokalplanet. Nordmenn flest bur i små bygdesamfunn og i småbyar, der dei dømde vanskeleg kunne forsvinne i anonymiteten. Men dette er neppe heile forklaringa. Eg vil peike på eit anna perspektiv som etter mitt syn kan gje oss meir innsikt i mekanismane som ligg bak langtidssverknadene av oppgjeret. Vi kan ta utgangspunkt i at effektane av oppgjeret på eit vis heng saman med det nasjonale sjølvbiletet vårt som nordmenn. Rettsoppgjeret kan kanskje sjåast som eit ledd i den norske nasjonsbygginga.

### Opgjeret som nasjonsbygging

I statsvitskapen nyttar vi omgrepet nasjonsbygging om statlege tiltak som freistar å skape eit nasjonalt fellesskap, gjennom å knyte band mellom statleg territorium og innbyggjarane. Nasjonsbygging går i praksis gjerne ut på å framskaffe nasjonale symbol, som eignar seg for å fremje og styrkje nasjonal einenskap. Måla er politisk stabilitet og oppslutnad om samlande institusjonar, på tvers av lokale lojalitetar, religion og etnisitet. Nasjonsbygging er særleg viktig når det innafør grensene av ein

stat finst fleire ulike kulturelle grupper. Nasjonsbyggingsprosessar er elles typiske for moderne statsdanningar, det vil seie frå og med det nittande hundreåret.

I Noregs tilfelle kan ein etter mi meining sjå rettsoppgjeret som del av nasjonsbygginga. Vi må her hugse at Noreg i 1940 enno var ein ung nasjonalstat, som berre trettifem år i førevegen hadde skilt seg ut frå unionen med Sverige. Rett nok kunne det nye kongedømet vise til ei stolt fortid, men denne fortida låg heilt tilbake i mellomalderen.

Ein viktig del av det ideologiske grunnlaget for sjølvstendet i 1905 var skapt av nasjonalistiske historikarar. Frå midten av 1800-talet tok desse til å forme ein eigen norsk identitet og ei eiga historie. Vikingane blei erklærde for tidlege nordmenn og løfta fram som nasjonale symbol, sjølv om dei ganske sikkert berre hadde ein lokal og stadbunden identitet. Ifølgje historikarane fanst det fleire ubrotne liner like frå mellomalderen og fram til notida, mellom anna den frie, norske bondestanden og den egalitære strukturen i samfunnet.

Trass i at historikarane streva med å sette saman ein norsk-nasjonal fellesskap, var det inntil 1940 enno ikkje full politisk semje omkring dei nasjonale symbola. Arbeidarørsla, med sin internasjonalistiske ideologi, avviste i regelen dei nasjonale rituala som borgarlege. Mange arbeidsfolk feira heller første mai enn syttande mai. Midt på trettitalet blei Arbeidarpartiet og fagrørsla rett nok meir positive til nasjonal symbolikk, men det var først krigen og okkupasjonen som gjorde slutt på atterhaldet hjå dei breie lag av arbeidarbefolkninga.

Etter frigjeringsa er nasjonale symbol og ritar blitt omfamna av jamt over alle nordmenn. I etterkrigstida er syttande mai blitt ein dag som samlar nasjonen, på tvers av så godt som alle skiljeliner. 17. mai i fredsåret 1945 blei det rapportert om rekordstor deltaking i feiringa over heile landet. Dagen hadde fått ei anna meining enn før krigen. Truleg har noko av denne glansen overlevd til i dag, i alle fall tyder undersøkingar på at nordmenn framleis sluttar

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997



massivt opp o  
til dømes del f  
spørje seg om  
og med har fãt  
det ein finn i  
Nokre vil meir  
avstemmingar  
på at så er tilf

Når nasjonale  
alle nordmenn  
døme på korle  
norske nasjon  
historikarar er  
førde til at dei  
linene fekk m  
krigen også v  
medvitet hjå  
effekten heng  
motstandskan  
Heimefronten  
interesse som

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997



*94 prosent av oss feirar 17.mai. Har vi sterkare nasjonalkjensle enn andre?(NTB)*

massivt opp om nasjonale ritual: 94 prosent tek til dømes del i feiringa av syttande mai. Ein kan spørje seg om nordmenn etter krigen kanskje til og med har fått ei sterkare nasjonalkjensle enn det ein finn i dei fleste andre europeiske landa? Nokre vil meine at nei-fleirtalet i Noregs to avstemmingar om EU-medlemskap er eitt teikn på at så er tilfelle.<sup>7</sup>

Når nasjonale symbol blei aksepterte av mest alle nordmenn etter frigjeringskrigen, kan det vere eit døme på korleis krigen har spela ei rolle i det norske nasjonsbyggingsprosjektet. Norske historikarar er då også einige om at krigen førde til at dei tradisjonelle, politiske konfliktlinene fekk mindre å seie, samstundes som krigen også var med på å styrkje det nasjonale medvitte hjå nordmennene. Den sistnemnde effekten heng saman med innretninga av motstandskampen: Både London-regjeringa og Heimefronten rekna omgrepa parti, klasse og interesse som moglege trugsmål mot deira

nasjonale kamp mot NS. Følgja var at dei gamle, politiske motsetnadene blei erstatta av ein ny og viktigare motsetnad, nemleg mellom *gode nordmenn* på eine sida og *landssvikarar* på andre sida.

Svart-kvitt-biletet har enno i dag mykje å seie for den norske sjølvforståinga. Ein føresetnad for at krigen kan tene nasjonsbyggjande føremål er elles at forteljninga om han, og om oppgjeret etterpå, er eintydig. I Noreg har ein etter mitt syn gjennomarbeidd desse historiske røynslene, for å kunne gjere dei brukbare som samlande, nasjonale symbol.

### Historia som myte

Ifølgje etnologen Anne Eriksen har vi nordmenn i høg grad mytologisert våre røynsler frå den andre verdskrigen, og frå dei fem åra mēd tysk okkupasjon. Ho dreg eit viktig skilje mellom dei historiske røynslene på den eine sida, og på andre sida måten historia er blitt tolka på innafor det ho kallar kollektivtradisjonen, der historia lever som ein myte. Eit særkjenne ved myten om krigen er at han er eintydig, utan nyansar. I myten opererer ein med enkle, moralske kategoriar som godt og vondt, rett og gale, ven og fiende. Alle hendingar, personar og grupper er på dette viset sette inn i eit enkelt svart-kvitt-skjema. Dette har gjort det mogleg å bruke myten til å framheve einskapen i folket: *Samhaldet under krigen*. Slik sett har myten medverka til å styrkje den norske, nasjonale identiteten. Heimefronten og nordmennene er i myten framstilte som ei eining: eitt samla folk i kamp mot dei vonde kreftene. Det følgjer sjølvstilt av dette at «alle» nordmenn var motstandarar av nazismen.

Rettsoppgjeret medverka til å gjere forteljninga om krigen eintydig, først og fremst ved at oppgjeret trekte ei endeleg skiljeline mellom svart og kvitt, altså landssvikarar og gode nordmenn. I dei offentlege statistikkane med tal frå rettsoppgjeret har grensdragninga feira sin totale triumf, skriv Anne Eriksen. I statistikken finn vi ulike kategoriar landssvikarar trygt plasserte i talkolonnar.



Under oppgjeret var det stort sett NS-folk som fall ned på feil side av skiljelina: Det var sjeldsynt at NS-medlemmer blei frikjende. I praksis var det berre høg alder som kunne berge ein partimedlem frå rettargang og straff. Statistikken viser derimot at andre typar samarbeidsfolk, dei vi kan kalle ikkje-ideologiske, jamt over blei mildare handsama av domstolane. Av dei 16 000 som blei undersøkte for økonomisk landssvik til dømes, blei berre tjue prosent dømde, og då stort sett berre dei krigsprofitørane som i tillegg hadde vore NS-medlemmer. Ein kan seie at den formelle NS-medlemskapen blei brukt som eit objektivt hovudkriterium for skuld under oppgjeret. Slik sett blei rettsoppgjeret i grunnen eit politisk oppgjer, ettersom det konsentrerte seg om politisk kollaborasjon, og om eit parti. Oppgjeret retta seg i mindre grad mot andre former for samarbeid med okkupanten, slik som økonomisk eller administrativt samarbeid.

Skiljelina som blei stadfesta under rettsoppgjeret, tilsvarar elles langt på veg den eintydige måten dei illegale avisene, og ikkje minst NRKs radiosendingar frå London, framstilte forholda i Noreg på under okkupasjonen. Begge stader kritiserte ein alt NS-styret gjorde, samstundes som ein formidla uavgrensa tillit til motstandsviljen i det norske folket. Propagandaen hadde som einaste oppgåve å stemple Quisling og NS, ikkje å analysere eller nansere, skriv Hans Fredrik Dahl.

Gjennom radiosendingane frå London medverka den norske eksilregjeringa til å forsterke nordmenns motvilje mot samarbeidsfolka. Eit døme er talane til admiral Riiser-Larsen, som var snar med å true svikarane med dødsstraff: *Medlemslisten for NS er passasjerliste for en reise med bare to stoppesteder: Galgen og Bjørnøya.* Også andre eksilregjeringar brukte London radio til å piske opp hatet mot kollaboratørane i heimlandet. Om den belgiske regjeringa har det såleis vore hevda at ho må ta noko av ansvaret for dei mange overgrepa mot samarbeidsfolk ved frigjeringa. I Noreg gjekk interneringa av NS-folk i mai 1945 stort sett fredeleg for seg, trass i den skarpe tonen London-sendingane hadde brukt mot kollaboratørane.

### Kven hjelte fienden?

I rettsoppgjeret valde ein i hovudsak altså å dra eit skilje mellom NS-medlemmene og andre. Dette kan vi sjå som ein av fleire moglege måtar å trekkje skiljet mellom svikarar og nasjonalsinna nordmenn (*jøssingar*) på. Grensedraginga frå oppgjeret kviler slik eg ser det, på to føresetnader: for det første at NS var hjelpegutar for fienden, for det andre at nordmenn utafor NS ikkje hadde gått fienden sitt ærend. Etter mi meining er begge føresetnadene for kategoriske, og det vil igjen seie at skiljet mellom svart og kvitt blei for skarpt trekt opp under oppgjeret.

Alle som hørde til NS-rørsla, var korkje nazistar, forrædarar, eller særskilt tyskenlege. Det kunne ligge ei rad ulike motiv bak ei innmelding i NS. Mange gjekk inn i partiet for å vere med på å halde oppe ei norsk forvaltning gjennom okkupasjonen: Mang ein ordførar rundt om i kommunane valde å bli sitjande okkupasjonen igjennom, sjølv om prisen var at han måtte gå inn i NS. Andre melde seg inn i partiet for å få arbeid, eller for å halde på den stillinga dei allereie hadde. Det er heller ikkje tvil om at også nordmenn utafor NS' rekkjer tok frivillig del i mangslags samarbeid med tyskarane, eller for den saks skuld med det norske NS-regimet. NS kunne rett og slett ikkje ha fått kommunal- og sentralforvaltninga til å fungere slik dei gjorde, utan at mange ikkje-medlemmer medverka aktivt og passivt.

Ein må, etter mi meining, slutte å sjå NS under okkupasjonen som eit isolert parti utan noko oppland av sympatisørar. Vi finn mange døme på at ikkje-medlemmer i forvaltninga tilsynelatande utan problem tilpassa seg dei nye, nasjonalsosialistiske styresmaktene. I si bok om jøde-deportasjonane i 1942 seier kriminologen Per Ole Johansen at fleire hundre norske politifolk må ha teke del, saman med mange funksjonærar i kommunal og statleg forvaltning. Før jødane blei arresterte, hadde sorenskrivarar, byskrivarar og lensmenn over heile landet vore med på Justisdepartementet si kartlegging av norske jødar. Berre eit mindretal av nordmennene som var involverte i jødeforfølgingane, var NS-medlemmer, og få blei straffa for si rolle i denne saka:

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

Næringslivet under okkupasjonen har vore kalla ei motstandsfri sone. Samarbeidsviljen hjå dei næringsdrivande gjekk langt ut over det som var naudsynt, skriv Johs. Andenæs. Mange tente gode pengar på leveransar til tyskarane. Då Quisling dagen etter statskuppet sitt i april 1940 kalla inn organisasjonane i arbeidslivet til drøftingar, var direktør Lorentz Vogt frå Industriforbundet ein av to framømte. Om hausten same år gav Industriforbundet ei lojalitetserklæring til NS' innanriksminister, Albert Viljam Hagelin. Under rettsoppgjeret blei likevel ingen av dei ansvarlege leiarane i Industriforbundet straffa for samarbeidsviljen dei hadde vist mot NS og tyskarane i starten av okkupasjonen.

Også på arbeidstakersida var mange viljuge til å jobbe for tyskarane: Ein reknar med at oppimot 200 000 norske arbeidarar tok slikt arbeid, for det meste frivillig og mot god betaling. Allereie i april-mai 1940, altså medan norske styrkar enno var i kamp med tyskarane, stilte to tusen trønderiske arbeidarar opp for å vere med og gjere klar Værnes lufthamn, slik at tyske fly kunne bruke ho. Heller ikkje tyskararbeidarane blei straffefølgde under oppgjeret.

Både innafor forvaltninga og i næringslivet synest mønsteret under rettsoppgjeret å ha vore at NS-medlemmer blei straffa, medan tilsvarende handlingar som var utførde av ikkje-medlemmer, ofte ikkje blei undersøkte av politiet i det heile. Sjølv ikkje embetsmenn som hadde hatt leiande stillingar i nazifiserte offentlege organ, blei straffa, om dei då ikkje hadde teikna seg som NS-medlemmer.

Motstanden i samfunnet var nok ikkje så eintydig som han har vore framstilt. Eit siste døme på dette kan vere dei mange norske kvinnene, truleg ein stad mellom femti tusen og hundre tusen, som hadde kjærleiksforhold til tyskarar. Kriminologen Dag Ellingsen meiner at det norske samfunnet på mange vis følgde ei samarbeidsline i okkupasjonsåra, noko som berre i liten grad blei signalisert av rettsoppgjeret. Eit slikt perspektiv ville truleg også gjeve eit meir nyansert bilete av NS' rolle.

*Mange gjekk inn i NS for å halde oppe ei norsk forvaltning under okkupasjonen. Foto frå Oslo kommunes møte der Quisling talar (NTB)*



### NS fekk skulda

NS enda til sjuande og sist opp med mykje av skulda for krigen og okkupasjonen. Etter rettsoppgjeret kunne ein godt ha drege følgjande slutning: Det var dei norske NS-folka som var hovudansvarlege for tapa landet hadde lidd som følge av krigen og okkupasjonen, ikkje tyskarane.

Berre 81 tyskarar blei dømde som krigsforbrytarar i Noreg. Mange sannsynlege brotsmenn fekk ustraffa dra heim til Tyskland, til og med fleire av dei verste torturistane og bødlane i Gestapo. Noko av forklaringa ligg i dei juridiske problema som oppsto når ein freista å stille tyske borgarar for norske domstolar. Ei anna årsak er at det øvste leiarsjiktet i okkupasjonsmakta ikkje var tilgjengeleg: Nokre hadde tatt sitt eige liv, andre var ute av landet. Sluttsultatet var i alle høve at tyskarane sine brotsverk i Noreg stort sett blei avskrivne som normal krigføring.

Når rettsoppgjeret i så stor grad kom til å dreie seg om partiet NS, kan det vere rimeleg å sjå det i samanheng med korleis Heimefronten påverka førebuingane til oppgjeret. Som regel godkjende Londonregjeringa utkasta frå Heimefronten utan å gjere endringar i dei, mellom anna fordi ho gjerne ville følgje opinionen heime i Noreg. Etter Heimefronten si meining hadde alle NS-medlemmer gjort seg skuldige i ei alvorleg form for kollaborasjon. Ja, Heimefronten fekk til og med gjennomslag for at NS-folka skulle betale ei kollektiv, økonomisk erstatning for skadane krig og okkupasjon førde med seg for landet.

Kanskje er dette eit mønster ein òg kan finne i andre land: Motstandsørslene medverka til å skjerpe straffene i oppgjera, og til å gjere oppgjera meir omfattande. Belgias eksilregjering planla i 1941–1942 å straffe nokre få hundre leiande kollaboratørar. Då den same regjeringa seinare bestemte seg for å straffe titusenvis, kom det for ein stor del av påverknad ifrå motstandsørsla i heimlandet, som ville «ta» alle samarbeidsfolka. Også den nederlandske eksilregjeringa gav etter for krav frå den organiserte motstanden om massearre-

stasjonar. I Luxembourg forlangte motstandsørsla at alle passive NSDAP-medlemmer i forvaltninga skulle granskast.

Den kompromisslause haldninga som den norske Heimefronten hadde til NS, kan seiast å følgje naturleg av motstandsørsla si line under okkupasjonen. Motstandsarbeidet retta seg i Noreg hovudsakleg mot NS-regimet og dei ideologiske framstøytane som kom derifrå, og stort sett berre indirekte mot dei tyske okkupantane. Nøtkernt vurdert blei då også tyske militære og økonomiske interesser i lita utstrekning råka av motstanden i Noreg.

Når motstandsørsla valde det norske NS-styret som hovudmotstandar, var det mellom anna av frykt for at tyskarane i større grad enn NS kunne kome til å svare med represaliar mot befolkninga. Forfattern Helge Krog kritiserte motstandslina då han året før frigjeringa skreiv ein kontroversiell pamflett. Her hevda han mellom anna at tyskarane (og den norske industrien) var godt tente med at motstanden fokuserte einseitig på dei norske quislingane. Etter mi meining finn vi ein kontinuitet ifrå motstandsørsla si line under okkupasjonen og like inn i rettsoppgjeret. På eit vis blei dommane som fall under oppgjeret, ei stadfesting av at NS faktisk hadde vore hovudfienden. Slik sett rettferdiggjorde oppgjeret på same tid det at Heimefronten konsentrerte seg om Quislings regime.

### Svikarar og jøssingar

Det at terskelen for straffbart landssvik blei sett så lågt som ved medlemskap i NS, førde på same tid til at terskelen for å kunne rekne seg som god nordmann blei tilsvarande låg. Det vil seie at den klare grensedraginga i rettsoppgjeret også skapte mange nye jøssingar. Ikkje reint få av desse hadde nok i røynda vore i ei gråsone mellom samarbeid og motstand i okkupasjonsåra.

Etter avklaringa frå rettsoppgjeret skulle det lite til for å kunne kalle seg jøssing. Dette passa godt overeins med sjølve førestellinga om Heimefronten. Fronten var ikkje nokon formell organisasjon, og det trongst ikkje noka aktiv

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

handling for planet i Hei åndeleg fell menn som i tyskarane. N okkupasjon definere seg frigjeringa. folk blant d nasjonale h tøser, eller Vi veit ifrå hatefulle og var folk som ringa.

Som ei sam rettsoppgjering av røynt og samarbeid glidande over vala. Kanskje til å fange og kunne ein h punkta aktive samarbeid i dette, ville og på ytterkant gråsona im originalt om minoritet av motstands passive i okk strevet i dag

### Symbolfun

Eg trur retts funksjon for det stadfest mellom oss festa seg hj det store og rimeleg og konklusjon oppgjeret f at Justisdep landssvikopp rettsoppgjeringa uproblematisk sere. Dei so

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

handling for å rekne seg som medlem. Grunnplanet i Heimefronten kan sjåast som eit åndeleg fellesskap, sett saman av alle nordmenn som inne i seg hadde vore mot NS og tyskarane. Menneske som hadde vore passive i okkupasjonsåra, kunne dermed sjølv velje å definere seg som motstandsfolk i tida rundt frigjeringa. Truleg var det få aktive motstandsfolk blant dei som i mai 1945 markerte si nasjonale haldning ved å klippe håret av tyskar-tøser, eller ved å spytte på arrésterede NS-folk. Vi veit ifrå andre land i Europa at dei mest hatefulle og valdelege i motstandsrørslene ofte var folk som var komne med kort tid før frigjeringa.

Som ei samanfating kan vi seie at delelina frå rettsoppgjeret kanskje ikkje var noka god skildring av røyndomen i okkupasjonsåra. Motstand og samarbeid var ikkje to motpolar, det var ein glidande overgang mellom dei to handlingsvala. Kanskje hadde ein skala vore betre eigna til å fange opp realitetane? På ein slik skala kunne ein ha plassert individ mellom ytterpunktta aktiv motstand på eine kanten, og aktivt samarbeid på andre kanten. Freista ein å gjere dette, ville ein truleg ende opp med få folk ute på ytterkantane, og dess fleire ein stad i gråsona imellom. Det er for eksempel ikkje originalt om vi tenkjer oss at berre ein liten minoritet av befolkninga tok del i aktivt motstandsarbeid. Nordmenn flest var slik sett passive i okkupasjonsåra. Dei hadde nok med strevet i dagleglivet.

#### Symbolfunksjonen ved oppgjeret

Eg trur rettsoppgjeret fekk ein viktig symbolsk funksjon for den norske sjølvforståinga, ved at det stadfesta oppfatninga om eit skarpt skilje mellom *oss* og *dei andre*. Inntrykket som har festa seg hjå nordmenn flest, er at oppgjeret i det store og heile var ein suksess, og at det var rimeleg og rettvist. Slik var òg Stortinget sin konklusjon i 1964, då dei folkevalde drøfta oppgjeret for hittil siste gong, i samband med at Justisdepartementet la fram si innstilling *Om landssvikoppgjøret*. Symbolfunksjonen ved rettsoppgjeret gjer truleg at oppfatninga om eit uproblematisk oppgjer vanskeleg lèt seg nyan-

sere synet på rettsoppgjeret, har så langt fått lite gjennomslag hjå befolkninga, om ein skal dømme etter røynslene frå ordskiftet om oppgjeret.

I dei første åra etter at oppgjeret tok til, var det stadig ordskifte om det, og det kom ut ei mengd litteratur om emnet. Typisk for ordskiftet var likevel at det hovudsakleg gjekk føre seg mellom folk frå den rette sida. Dei dømde sjølv har sjeldan kome til orde i media, og i dei tilfella der dei har fått delta i fjernsynsprogram, er dei gjerne blitt utskjelte og latterleggjorde. Deira kritikk av oppgjeret finn ein i eit ukjent tal bøker og mindre trykksaker, som dei oftast har gjeve ut på eigne forlag. Jamt over har denne litteraturen fått lite merksemd utafor miljøet av tidlegare NS-folk.

Ein del av ordskiftet gode nordmenn førde om rettsoppgjeret, gjekk som tidlegare nemnt mellom Isfronten og Silkefronten. Dei var usamde om kor hardt ein skulle straffe landssvikarane. Graden av usemje bør likevel ikkje overdrivast: Det var i stor grad politisk semje om hovudlinene ein skulle følgje i oppgjeret. Ein kan også hevde at det eigentleg var avgrensa rom for endringar i oppgjeret, ettersom prinsippa jo var fastlagde i London allereie før frigjeringa. Stortinget drøfta ikkje *landssvikanordningen* før i februar 1947, og då var oppgjeret allereie kome så langt på veg at ein var bunden av det som alt var gjort. Etter det siste ordskiftet om oppgjeret i Stortinget i 1964 har det mest ikkje vore drøfta offentleg i det heile. (Eg vel her å sjå bort ifrå nokre showprega fjernsynsprogram med lite vettug innhald.)

Ein kan spørje seg om oppgjeret hadde fått ein svekt symbolfunksjon dersom ein hadde fått nyansert det rådande synet på rettsoppgjeret som rettvist og som ein suksess? I røynda har det kanskje vore eit tabu mot å lage kritiske analysar av rettsoppgjeret: Vitskapsfolk har dels vore redde for å bli tatt til inntekt for NS-folka sin eigen versjon av hendingane, dels for å bli oppfatta som kritiske til motstandsrørsla sin innsats. Vitskapsfolka har difor nølt med å røre ved dei eintydige etiske kategoriane god og vond, jøssing og landssvikar. Enno i dag er

det forska lite på det norske rettsoppgjeret, sett i forhold til at oppgjeret utan tvil var ei viktig sosial og politisk hending.

Dei kraftige reaksjonane mot fjernsynsserien *I solkorsets tegn*, som NRK sende på byrjinga av åttitalet, kan vere eit døme på korleis mange nordmenn vegrar seg mot nyanseringar av svart-kvitt-biletet frå oppgjeret. I fjernsynsprogramma let Haagen Ringnes ei rad med vanlege NS-folk kome til orde, slik at dei sjølv kunne fortelje om sine handlingar i okkupasjonsåra, og om motiva dei hadde.

Programma fokuserte på grasrotā i NS, fordi det synte seg vanskeleg å få nokon i leiarsjiktet til å stille opp. NS-folka i serien oppfatta ikkje seg sjølve som anten nazistar eller svikarar. Mange sjåarar blei provoserte av fjernsynsserien, kanskje særleg fordi quislingane på skjermen gav inntrykk av å vere heilt alminnelige nordmenn. Dei var ikkje menneske ein utan vidare kunne avvise som vonde og svikefulle, slik som torturistar og angivarar. Bakgrunnen for reaksjonane var truleg at mange opplevde serien som eit trugsmål mot det enkle kategorisystemet dei var kjende med, altså skiljet mellom gode nordmenn og svikarar.

Skal symbolfunksjonen ved rettsoppgjeret haldast ved like også i framtida, er det ein føresetnad at svart-kvitt-biletet blir halde ved like, og at det blir formidla til nye generasjonar av nordmenn. Formidlinga skjer på fleire vis, mellom anna gjennom dei mange jubilea, der heltane blir feira, og gjennom lærebøkene som blir nytta i skulen.

Skulebøkene byggjer på den tradisjonelt eintydige historieversjonen, som har dominert i det meste av etterkrigstida. I røyndā har det vore semje mellom historikarane om korleis hendingane i okkupasjonshistoria skal tolkast. Perspektivet til dei historikarane vi kan kalle *tradisjonalistane*, er på sett og vis eit moralsk perspektiv: I arbeida sine har dei, med få unntak, einestāande nasjonale samhaldet i okkupasjonsåra. Oppgjeret blir framstilt som siste akt i dramaet, der dei skuldige svikarane får si rett-

visse straff. Usemja om utforminga av oppgjeret, som faktisk var til stades i samtida, er blitt tona ned i historiebøkene.

Etter mi meining kan vi sjå den eintydige historieversjonen om krigen og oppgjeret som ei klassisk nasjonsbyggjande forteljing. Ho fortel om eit samla folk som kjempa ein kamp mot ei vond overmakt, ein kamp som trass i fleire år med undertrykking og motgang fører til siger. Frå byrjinga av 1980-talet har ei gruppe yngre historikarar utfordra fleire av dei tradisjonelle fortolkingane i norsk okkupasjonshistorie. Desse historikarane kan vi kalle *revisjonistane*. Ordskiftet mellom dei to historikargruppene har vore kalla ein norsk historikarstrid.<sup>8</sup> Ein hovudskilnad mellom tradisjonalar og revisjonistar ligg nettopp i deira syn på NS og andre samarbeidsfolk. Revisjonistane freistar å forstå kollaboratørane på deira eigne premissar, i staden for å fordømme dei som umoralske, slik det har vore vanleg å gjere. Det følgjer logisk at den måten revisjonistane forstår handlingane og motiva til kollaboratørane på, med tida også kan leie til ei nyansering av svart-kvitt-biletet frå oppgjeret.

### Sluttkommentar

I Noreg blei nazismen under rettsoppgjeret handsama som eit moralsk problem hjå einskilde personar. Men dermed blei nazismen samstundes også avpolitisert, ettersom kampen mot NS ikkje blei forstått som ein ideologisk kamp, men som ein kamp mot landssvikarar. To år etter frigjeringa peika Torolf Elster på denne sida ved rettsoppgjeret, då han i ein artikkel etterlyste det han kalla politisk djupn i oppgjeret. Han meinte ein burde forfølge nazismen og dei politiske røtene hans, og ikkje berre handsame landssvik som ei teknisk form for kriminalitet. Elster fekk svar frå Johs. Andenæs, som sa at domstolane i landet var sette til å stelle med lovbrøt, ikkje med filosofiske og politiske spørsmål. Der stoppa ordskiftet deira, men nettopp i våre dagar kan det kanskje vere grunn til å ta opp denne trāden att.

Kva om Noreg hadde freista å ta eit oppgjer med sjølve ideologien den gongen, og ikkje

Syn og Seren I/1997

Syn og Seren I/1997

berre me  
ei åvnazi  
få til i Ty  
motstand  
nye for  
menings  
vesteuro  
og rasism  
haldning  
ikkje nok  
utslag av  
peiske ve  
tiske, inn  
stader ha

Sidan utv  
same i na  
hevde at  
meir vekt  
krigen. H  
Tyskland  
nazismen  
ideologis  
hatt ein s  
alle fall v

Trass i at  
oss rimel  
opp likna  
blei stort  
for mangan  
ikkje å ve  
rane bort  
kjent at s  
*Framsteg*  
møte med  
Oslo. På  
for sin fel  
tredje ver

Dei politi  
møtet på  
*Dagbladet*  
til å demo  
ringsspør  
mot Heds  
Hagen, se  
sentanten

Overraski  
redaksjon

Syn og Segn 1/1997

Syn og Segn 1/1997

berre med dei menneska som bar han? Kunne ei avnazifisering, slik ein mellom anna freista å få til i Tyskland, ha styrkt den mentale motstandskrafta i den norske befolkninga mot nye former for høgreekstremisme? Ferske meiningsmålingar som er gjennomførde i ei rad vesteuropeiske land, kan tyde på at framandhat og rasisme er i ferd med å bli meir utbreidde haldningar hjå folk flest. Noreg utgjer diverre ikkje noko unntak ifrå denne trenden. Eit utslag av desse haldningsendringane hjå europeiske veljarar er framveksten av høgpopulistiske, innvandrarfiendtelege parti, som mange stader har vunne stor tilslutnad.

Sidan utviklinga eg no har greidd ut om, er den same i nær på alle landa, kan ein vanskeleg hevde at ein kunne ha forhindra ho ved å leggje meir vekt på avnazifisering etter andre verds-krigen. Ho er jo i høg grad til stades også i Tyskland og andre land, der ein nedkjempa nazismen som eit politisk fenomen. Om den ideologiske kampen mot nazismen verkeleg har hatt ein slik immuniserande verknad, må han i alle fall vere svekt no.

Trass i at Noreg avpolitiserde NS, har vi kjent oss rimeleg trygge på at det aldri ville dukke opp liknande, politiske fenomen igjen. Difor blei stortingsvalet hausten 1995 ei overrasking for mange, då sjølve ordet nazisme synte seg ikkje å vere tilstrekkeleg til å skremme veljarane bort frå eit parti. Like før valet blei det kjent at stortingsmannen Øystein Hedstrøm frå *Framstegspartiet* (Frp) hadde vore med på eit møte med rasistar og nynazistar i Godlia kino i Oslo. På møtet drøfta dei framførte strategiar for sin felles kamp mot innvandring ifrå den tredje verda.

Dei politiske motstandarane til Frp brukte nazimøtet på Godlia for alt det var verdt, særleg *Dagbladet*, som i Hedstrøm-saka såg ein sjanse til å demonstrere sin liberale profil i innvandrings spørsmål. Angrepa retta seg ikkje berre mot Hedstrøm, men òg mot partileiaren Carl I. Hagen, som valde å ikkje støytte Østfold-representanten ifrå sēg.

Overraskinga blei truleg stor i *Dagbladet*-redaksjonen, då valet faktisk blei ein triumf for

det utskjelte partiet. Om valresultatet faktisk tyder at ordet nazisme har mista sin avskrekkande effekt, er det likevel vanskeleg å seie noko sikkert om. Eg kan også tenkje meg at veljarane støtta Frp fordi dei mislikte kampanjejournalistikken som *Dagbladet* og andre medium brukte. Kanskje oppsto det me kan kalle ein *underdog*-effekt hjå veljarane: Dei tok parti for dei forfølgde, Hedstrøm og Hagen.

Til slutt kan me spørje oss om ikkje utstøytinga av NS trass alt er i ferd med å avta. Med åra er ho vel blitt mindre plagsam for dei dømde og familiane deira? Ein skulle tru at svaret var ja. Minnet om NS er vel ikkje lenger så skarpt, det er ikkje lenger så mange som kan hugse kven NS-folka i nabolaget var. I alle fall kjenner nok ikkje ungdomen namna på dei gamle nazistane. Slik sett er dei sosiale effektane av oppgjeret truleg i ferd med å gå over.

Men om minnet har bleikna, er det truleg samstundes blitt frigjort ifrå dei historiske realitetane. Ungdomen har jo ikkje førstehands kjennskap til den norske okkupasjonskonteksten, men dei er dess betre kjende med Hollywoods versjon av den andre verdskrigen som ein kamp mellom *good guys* og *bad guys*. Det er difor ikkje til å undrast over at nazismen, både i Noreg og internasjonalt, i aukande grad blir forstått som vondskap sett i system.

Ei følgje av desse endringane over tid er at kjennskapen til nyansar i den norske okkupasjonsrøynda er i ferd med å gå tapt. Generasjonen som sjølv opplevde dei fem åra, kjende til at det fanst menneske ein ikkje så lett kunne plassere som jøssing eller svikar. Desse mellomkategoriane er meir eller mindre gløynde i dag. Eit døme er dei stripete, som ikkje var NS, men som likevel blei rekna for å sympatisere med tyskarane eller med Quislings rørsle. Ei anna gruppe som ikkje passa inn i det enkle svart-kvitt-skjemaet, var roarane: Folk som mot slutten av krigen freista å framstille seg som meir ihuga motstandsfolk enn det dei i røynda hadde vore i dei første krigsåra. Også svartebørshaiane og dei før nemnde tyskararbeidarane er døme på mellomkategoriar som er i ferd med å bli gløynde.

For dei tidlegare NS-medlemmene sin del er følgja av denne utviklinga at partiet deira, i alle høve hjå unge menneske er blitt liketydig med den tyske nazismen og folkemordet hans. Eg trur at det erno heng eit stigma ved dei sorry blei dømde under rettsoppgjøret, men sjølve innhaldet i stemplinga har nok endra seg. På eit vis er biletet av NS blitt meir eintydig negativt enn nokonsinne. Den tidlegare redaktøren av *Morgenbladet*, Chr. Christensen, hadde for få år tilbake ei rad samtalar med tidlegare NS-folk. Dei sa ganske riktig at det faktisk var mindre belastande å vere tidlegare NS-medlem i slutten av førtiåra enn sist på åttitalet. Like etter krigen visste folk nemleg trass alt kva NS hadde stått for, og kva medlemmene faktisk hadde gjort. I våre dagar blir dei, hjå ein uvitande opinion, berre sette i samband med jødeforfølgjing og konsentrasjonsleirar.

### Litteratur

- Andenæs, Johs.: *Det vanskelige oppgjøret*. Oslo 1979.
- Borge, Baard: *Ein 'soziales Erdbeben' – Auswirkungen der Nachkriegsprozesse in Norwegen*. Artikkel til internasjonal konferanse om etterkrigsoppgjøra i Europa. Documentationsarchiv des österreichischen Widerstandes, Wien juni 1996.
- Borgersrud, Lars: *Unngå å irritere fienden*. Oslo 1981.
- Bull, Edvard: *Norgeshistorien etter 1945*. Oslo 1982.
- Christensen, Chr.: *Den andre siden*. Oslo 1988.
- Dahl, Hans Fredrik: *Dette er London. NRK i krig 1940–1945*. Oslo 1978.
- Dahl, Hans Fredrik, Bernt Hagtvet og Guri Hjeltnes: *Den norske nasjonalsosialismen*. Oslo 1990.
- Dahl, Hans Fredrik (red): *Norsk krigsleksikon 1940–1945*. Oslo 1995.
- Dahl, Hans Fredrik (red): *Krigen i Norge*. Oslo 1974.
- Eggen, Eystein: *Guten fra Gimle*. Oslo 1994.
- Ellingsen, Dag: *Krigsprofittorene og rettsoppgjøret*. Oslo 1993.
- Elklander, Peter, og Mark van den Wijngaert: *Dishonourable conduct in a divided state: settling accounts with the collaborators in Belgium*. Kjem i *Modern Europe after Fascism*, New York 1997.
- Eriksen, Anne: *Det var noe annet under krigen*. Oslo 1995.
- Eriksen, Knut Einar og Halvorsen, Terje: *Frigjøring*. Oslo 1995.
- Eriksen, Thomas Hylland: *Nasjonal identitet – et ufullendt prosjekt*. I Bente Rød Larsen (red): *Norsk kultur i møte med Europa*. Harstad, 1995.
- Figueredo, Ivo de: *En norsk historikerstrid?* i *Nytt Norsk Tidsskrift*, 4–1995.
- Furre, Berge: *Vårt hundreår*. Oslo 1991.
- Gogstad, Anders Chr.: *Helse og hakekors*. Bergen 1991.
- Grimnes, Ole Kristian: *Norge og den andre verdenskrig: Hjemmefrontens ledelse*. Oslo 1977.
- Grimnes, Ole Kristian: *Norge under okkupasjonen*. Oslo 1983.
- Hobsbawm, Eric og Ranger, Terence: *The Invention of Tradition*. Cambridge 1984.
- Johansen, Per Ole: *Oss selv nærmest. Norge og jødene 1914–1943*. Oslo 1984.
- Kolsrud, Ole: *The treason trials in Norway – harsh, just or lenient?* Artikkel til internasjonal konferanse om det norske rettsopp-

- gjøret i komparativt perspektiv. Goethe-Instituttet i Bergen, 25.–26.11.1994.
- Langeland, O.H.: *Dømmer ikke*. Oslo 1948.
- Larsen, Stein Ugelvik: *Die Ausschaltung der Quislinge in Norwegen*. I Henke og Woller (red): *Politische Säuberung in Europa*. München 1991.
- Larsen, Stein Ugelvik: *How to bring new ideas on the overrull! understanding of the Rettsoppgjøret*. Artikkel til internasjonal konferanse om det norske rettsoppgjøret i komparativt perspektiv, Goethe-Instituttet i Bergen, 25.–26.11.1994.
- Larsen, Stein Ugelvik: *In the buffer zone between the Germans and the Welsh. Forced nazification and severe denazification in Luxembourg*. Kjem i *Modern Europe after Fascism*, New York 1997.
- Larsen, Stein Ugelvik: *The settlement with Quisling and his followers in Norway*. Kjem i *Modern Europe after Fascism*, New York 1997.
- Novick, Peter: *The resistance versus Vichy*. New York 1968.
- Olden, Asgeir: *Fødd skuldig*. Oslo 1988.
- Sivertsen, Aage Georg: *Rinnan – et nærbilde*. Oslo 1995.
- Steinbach, Peter, og Jürgen Weber (red): *Vergangenheitsbewältigung durch Strafverfahren?* München 1988.
- Sørensen, Øystein: *Hitler eller Quisling?* Oslo 1989.
- Østerud, Øyvind: *Hva er nasjonalisme?* Oslo 1994.
- Østerud, Øyvind: *Statsvitenskap. Innføring i politisk analyse*. Oslo 1996.
- Østerud, Øyvind: *Nasjonalstaten Norge – en karakteriserende skisse*. I Alldén, Ramsøy og Vaa (red): *Det norske samfunn*. Oslo 1988.
- Aagedal, Olav: *Ja vi elsker og vi feirar*. I *Dagbladet* 15.5.1996

### Kjelder

- Dagbladet* frå 3.6.1996.
- Domsdokument frå rettsoppgjøret. Riksarkivet.
- Klassekampen* frå 1.7.1996.
- Morgenbladet* frå 6.1.1948.
- World Values Survey for 1981 og 1990.

### Notar

1. Dei som blei dømde under rettsoppgjøret, har i regelen ikkje godteke nemninga landssvikar, fordi dei meiner at ho har stempla dei som svikefulle menneske utan nasjonal haldning. Sjølv hevdar dei oftast at dei hadde ideelle motiv for sine handlingar i okkupasjonsåra.
2. Bertram Dybwad Brochmann. Brochmann blei seinare dømd til tre års fengsel for landssvik.
3. Partiet *Volkunie* (VU) blei stifta etter krigen, for å rehabilitere flamske samarbeidsfolk. VU tek framleis del i dei belgiske vala. I det siste parlamentsvalet fekk partiet fem representantar.
4. *Gestapo* er ei forkorting for tyskarane sitt *Geheimliche Staatspolizei* (Det hemmelige statspolitiet).
5. Dette skjedde siste gongen i Bjørn Nilsens fjernsynsserie om "Rinnan, som blei send av NRK" 1996.
6. Sørensen bruk av omgrepet nasjonal om den dominerande retninga i NS er blitt kritisert. Sjå til dømes Ole Kristian Grimnes sin artikkel i *Nytt Norsk Tidsskrift* 2–1990.
7. Samfunnsforskarane er ikkje samde om kor stor innverknad nasjonalisme hadde i dei to EU-avstemmingane. Sjå til dømes Øyvind Østeruds bok *Hva er nasjonalisme?*, side 44–45.
8. Omgrepet historikarstrid kjem frå Tyskland, der det midt på 1980-talet var eit hissig ordskifte mellom historikarane. Framstående fagfolk som Ernst Nolte og Andreas Hillgruber meinte at fleire hevdvunne oppfatningar om nazitida burde omskrivast. Dei argumenterte til dømes for ei relativisering av jødeutryddingane, som dei mellom anna ville forklare med forhold utafor

Agronom fortalde ei som innfa ikkje allti jakta på måtte vi få forskarane Dei klarte større aks. måtte det t

Forskarane gjødsel so viste seg d for det lan Det ville fo kornsortar det. Samar sprøyteme måten kun viste seg d det vart an

Men forska problem: V sa dei. Når betre vekst nede på bal laga eit nyt kveka – og fram – ein f som kunne regnet kom var øydela næringsstof bakken og t

Sandvika, 15. mars 1997.

Kjære John.

Jeg sender deg herved Bernt Hagtvets artikkel i Arbeiderbladet om Steinar Hansson. Den var på sin plass. Ellers ble jeg glad over at Stavanger Aftenblad tok min artikkel om David Irving. Jeg vil også prøve å få en litt annen versjon, mer i retning av en bokanmeldelse, inn i Arbeiderbladet. Men jeg har ikke så mye tro på at jeg får det til. Aftenposten nytter ikke når det gjelder dette tema.

Takk for alle artikler og utklipp, m.v., som du sender meg. Jeg leser dem alle med stor interesse. Carl I. Hagens artikkel om at innvandrere får værsgod tilpasse seg norske forhold, synes jeg var meget på sin plass. Når det gjelder Hagen har jeg en viss sans for ham når det gjelder innvandrerspørsmål. Men bare der. - Derimot kan jeg styre min begeistring for innlegget fra tidligere kommunist, Arne Roll, med bopæl i Spania, som til de grader avsverger seg sin tidligere sosialistiske oppfatning og kommer med en panegyriske hyllest til CIA og Ronald Reagan for deres velsignelsesrike innsats for å knuse kommunismen og "Det ondes imperium". Den slags etterpåklokskap her jeg liten sans for.

Dessuten er det ennå såpass mye sosialist igjen i meg at jeg ikke uten videre vil fordømme alt det sosialismen og kommunismen har stått for. Sosialisme er for meg noe meget verdifult, som vår verden trenger. Når det gjelder grusomheter som er begått av henholdsvis russere og tyskere, vil jeg si, at på samme måte som jeg stiller meg reservert til omfanget av tysk og nazistisk dævelskap, tar jeg også beretningene om all sovjetisk bestialitet med en klype salt. Som du kanskje har forstått har jeg alltid hatt, og har, en visstrang til å se med skepsis på, og kanskje gå imot, det som hele den larmende hop reservasjensløst slutter seg til.



Det er blant annet årsaken til at jeg, som igrunnen er en overbevist sosialist, også kan se med en viss forståelse på det som såkalte nasjonalsosialister og NS-folk stod for. Jeg mener faktisk å ha innebygget i meg en viss mengde integritet og uavhengighet i henhold til det som er opplest og vedtatt.

Det er så mange ting jeg skulle ha ytret meg om, skrevet om. sagt min mening om, men jeg rekker det bare ikke. Livet er jo så kort selv om man er 78, og tiden er knapp. Jeg skulle bare ha begynt tidligere med å skrive. Men i mine beste år var jeg så opptatt av administrative gjøremål at jeg ikke fikk tid til stort annet. - Imidlertid, John, har kontakten med deg og vennskapet med deg i høy grad beriket mitt liv. Du skal vite at jeg setter overordentlig stor pris på deg, din innsikt, vurderingsevne og menneskekunnskap. Du er faktisk enestående slik.

Og så står våren for døren. Jeg er glad jeg kan si: "Enno ein gong fekk eg vettern å sjå fyr våren å røma". Thalma og jeg drar til Øisang fredag i neste uke. Vi gleder oss begge.

Tusen gode tanker til deg og Haldis. God påske. Håper snart å høre fra deg.

LEV VEL.

Din venn

*Thalma*

*1. høy og lett  
gjenn for vår kamp?  
Haldis  
John*

## Verden i dag

I Adresseavisen leser jeg at tortur forekommer i 76 land. En forskergruppe i Hamburg som driver krigsårsaks-forskning har nylig lagt fram "Kriegsbilanz 1994" (Krigsbilanse 1994) Ifølge "balansen" var i forrige år 41 kriger i gang. Etter forsiktige beregninger krevde disse mer enn 6,5 millioner dødsoffer og det mange-dobbelte av sårede og invalider. Forskerne opplyser at mens det i 50-årene ble ført gjennomsnittlig 12 kriger, er tallet steget til over 40 i nittiårene.

Når jeg stilles overfor disse grufulle kjennsgjerninger, lar jeg tankene gå mer enn 50 år tilbake i tiden. Den 14. august 1941 utstedte Churchill og Roosevelt, ombord på den amerikanske krysser "Augusta", en felleserklæring "The Atlantic charter" (Atlanterhavserklæringen) Den var på åtte punkter. I et av disse sto det : " Etter nazityrraniet er knust, må den fred som da ble sluttet, sikre alle folk adgang til å leve i frihet innen sine grenser." I 1944 erklærte Churchill at erklæringen ikke gjaldt Tyskland.

Som alliert propagandamiddel var "frihet-fra frykt-erklæringen" svært vellykket. Men for verdens befolkning var den helt verdiløs.

John Sand